

ÅR OG HENDINGAR I FORRETNINGSSOGA TIL BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
Bodil Røyset 15. jan. 1997

- Perioden 1900-1919 *Noreg prega av industrireising og generell vekst. Unionsoppløysinga var ein svært positiv faktor som prega og inspirerte folk i Bondeungdomslaget. Vekstperiode også for forretningane til Bondeungdomslaget. Starta opp tre kaffistover i perioden og la ned ei.*
8. sept. 1901: Første kaffistova i Øvre Slottsgt 29. Grunnkapital på 800 kroner, innsamla m.a. med lutteikning mellom medlemmene. Kaffistova vart brukt til lagsmøte om kvelden. Motto: «Førsteklasses kafe med tridjeklasses prisar». Føremål: «Trygda økonomien og fremja fyremalet åt laget». 1/10 av overskotet gjekk til laget, noko til avskrivning av gjeld, 1/3 gjekk til byggjefond. (Stova vart flytta til Torget 8 (der Kredittkassa no er) i 1912.) Kaffistova hadde eige styre.
- Frå 1906 Kaffistove på folkemuseet på Bygdøy nokre somrar. Dette gav mykje pengar i kassa.
- 1909 Kaffistove opna i Grensen 19, der Norrøna hotell er no. Vedteke på omframnt møte å løyve kr 1 000 til skipinga. Det var vanskeleg å få til leigeavtale for huset, Ole Ekornes (sr), som budde- og hadde forretning i same huset, hjelpte laget med å få til avtale.
- Perioden 1910 - 1919 *Jobbetid og vekstperiode langt inn i 1. verdskrigen. Stor vekstperiode for forretningane. Laget hadde to kaffistover ved tiårsskiftet. I 1919 eigde laget fire kaffistover, bakarstove, part i Bøndenes Hus, Hotell Bondeheimen, tre bygardar, Bondehytta og Rødkleivhytta. I tillegg hadde ein skipa «Bladmanskulen» (seinare Fram brevskule), og vore sentrale i oppstartinga av Det Norske Teatret.*
- 1911 Skiping av A/S Rosenkrantzgaten Nr 8. Bondeungdomslaget skaut inn kr. 75 000 av aksjekapitalen på kr. 240 000. Samarbeid med landbruksorganisasjonane der samyrket fekk ei ny form; aksjeselskapet.
- 1912 Oppretting av eit representantskap for eigedomsdrifta og ein eigen forretningsadministrasjon.
- 1912 Lutar for kr. 500 i Det Norske Teatret. BUL var sentral i oppstartinga av det nye teatret.
- 1912 Kaffistova flytta frå Øvre Slottsgate til Torget 8, der Kredittkassa er no.
- 1912 Bakeriet som hadde vore saman med kaffistova i Øvre Slottsgate, vart flytta til Brugt 4.
- 1913 Bøndenes Hus ferdig og innvigd, byggjesum: kr 1 150 000.
- 1913 Hotell Bondeheimen opnar med 50 rom med rennande vatn på.
- 1913 Kaffistova i 2. etasje i Bøndenes Hus opnar. Det var meininga at stova i Grensen skulle leggjast ned samstundes med opninga av den nye, men husleigekontrakten gjekk heilt fram til september 1914.
- 1913-1915 BUL løyver pengar til å gjere dagsavis av «Den 17de Mai».

- 1913 Det Norske Teatret flytta inn i R8 og spelte i Teatersalen. Dei neste åra hjelpte BUL teatret mykje økonomisk, m.a. med å ettergi stor husleigeskuld mange gongar.
- 1914 Bakarstova flyttar til Rødfyllgt.
- 1915 Forste disponenten i forretningane vart tilsett, Martin Halleland.
- 1916 Rødkleivhytta blir kjøpt.
- 1917 Bondehytta blir kjøpt.
- 1917 Kr 25 000 i ny aksjekapital til «Den 17de Mai».
2. sep. 1917 Kaffistove opna i Olav Ryes plass 8.
- 1918 BUL kjøper Olav Ryes plass 8.
- 1918 BUL gir kr 100 000 til aksjar/husfond i Det Norske Teatret.
- 1918 Oppstarting av «Bladmannaskulen», som seinare vart til Fram Brevskule. Skulen er no eigd av Det Norske Samlaget.
- 1919 BUL kjøpte Cort Adellers gt. 2 (kr 280 000) og Camilla Collettsv 1 (kr 190 000), til bruk til husvære for tenestefolk. Det vart innreidd matstove i Cort Adellersgt 2.
- 1919 Det vart innreidd lagsrom i 2. etasje i Bøndenes Hus.
- Perioden 1920-1929 *var ei økonomisk nedgangstid for landet, men forretningane til Bul hadde stor vekst og aktivitet. I 1920 hadde ein fire kaffistover, bakarstove, part i Bøndenes Hus, Hotell Bondeheimen, tre bygardar og Rødkleivhytta. Ved tiarsskiftet hadde ein lagt til to nye kaffistover og eitt hotel! Heimen husflid vart kjøpt i denne perioden, Nynorsk mellomskule vart oppstarta og nedlagt, og bokbu blei starta opp. Oslo nye sparebank blei starta opp i denne perioden, og BUL-drabantbyen på Smestad vart bygd.*
- 1920 BUL skipa Nynorsk Millomskule i Oslo. Skulen vart nedlagd i 1924.
- 1920 Representantskapet fekk meir makt, styrte både Teatersalen og Heimen husflid fram til 1929.
- 1921 Oppretting av Oslo Nye Sparebank med grunnfond på kr 10 000 frå BUL. Slått saman med Vestlandsbanken i 1979, og i 1987 fusjonert med Bøndenes bank Forretningsbanken og Buskerudbanken til Fokus bank.
- 1922 Kjøp av statens matstove, Hvalfisen for kr 30 000 i Drammensvegen 2 (der UD no er). Den nye stova vart kalla Parkstova.
- 1922 Leigde meir av Drammensv. 2. Oppretta Parkheimen med 23 rom, eit anneks til Bondeheimen .
- 1922 Byggelaget i BUL skipa. Dei kjøpte 130 mål på Smestad for kr 183 000, som vart delt

opp til 65 tomter + ei forretningstomt. 75 huslydar budde i BUL-drabantby. Smuldra opp med det økonomiske krakket i 1930.

- 1923 Teiknekontoret Heimen husflid kjøpt for kr 25 000. Flytta etter kvart inn i ny butikk i Kristian IV gt (der Det Norske Teatret no er).
- 1920-åra Kr 50 000-70 000 blei løyvd til «Den 17de Mai». Det blei også løyvd til «Bonden», «For bygd og by», «Austland», «Gula Tidend», «Norsk pressekontor», ordbøker, Bibelen og Nynorsk salmebok.
- 1928 Kaffistova Nystova opna på Nytorget.
- 1928 BUL opna den første Bokbua si, i Kristian IV gt, der Det Norske Teatret no er.
- Perioden 1930 - 1939: *var ei hard tid for Noreg med stor arbeidsløyse og pessimisme. Forretningane til BUL merka og denne nedgangen. I 1930 hadde Bondeungdomslaget 6 kaffistover, 3 bygardar i tillegg til parten i Bøndernes Hus, to hotell, bokhandel og dei to hyttene. I tiårsperioden blei tre kaffistover stengde og nedlagde, Hotell Parkheimen blei stengt, og to bygardar seide. BUL kjøpte seg inn i forlaget Noregs Boklag og blei ansvarleg for det på slutten av tiaret. Det blei og oppretta ei ny kaffistove på slutten av tiaret. Avisa Den 17de Mai blei lagt ned, og BUL starta Norsk Tidend og trykkeri.*
- 1932 Sal av Kaffistova på Nytorget.
- 1933 Sal av Olaf Ryes plass 8 og Kaffistova der.
- 1934 Hotell Parkheimen lagt ned.
- 1935 Bondeungdomslaget kjøpte seg inn i Noregs Boklag for kr 45 000 og vart største partshavar. Forlaget var skipa i 1922. Frå slutten av tiaret og fram til slutten av 70-åra, var det Bondeungdomslaget som hadde hovudansvaret for selskapet.
- 1935 Cort Adellers gt 2 seld.
- 1935 Ny avis: Norsk Tidend, skipa som eige selskap, L/L Nynorsk Dagblad. Bul gjekk inn med kr 50 000 i aksjekapital og kr 20 000 til trykkeri. Den 17de Mai vart lagt ned som dagsavis samstundes. Norske Tidend vart vekeavis frå 1937.
- 1938 Kaffistova i Cort Adellersgt stengd og jenteheimen i bygget avvikla.
- 1938 BUL opna ny kaffistove i Storgt 28.
- Perioden 1940 - 1949: *var prega av andre verdskrigen, det galdt for landet generelt og for BUL. Ved inngangen av krigsåra hadde BUL 4 kaffistover, ein bygard utanom parten i Bøndernes Hus, eitt hotell, forlag, bokhandel, Heimen husflid og dei to hyttene. Parkstova og Drammensv. 2 vart bomba under krigen, og Bøndernes Hus vart og skadd. Ein ny forretningsgard, og ei ny kaffistove med same namn som den bomba stova kom til i perioden.*
- 1940 Kjøp av Kristian Augustgt 14 for kr 360 000.

- 1944 Parkstova og Drammensv. 2 bomba. Ny Parkstove i Kristian Augustsgt 14.
- 1947 Krigserstatning på kr 110 000. BUL kravde kr 550 000
- Perioden 1950 - 1959 *var prega av oppbygginga etter krigen, og generelt streng regulering av økonomien i landet. Bondeungdomslaget hadde i 1950 fire kaffistover, 3 bygardar utanom parten i Bøndenens Hus, og eitt hotell, forlag, bokhandel, Heimen husflid og dei to hyttene. I perioden blei det kjøpt to pensjonat og ein bygard til bruk for tilsette i forretningane.*
- 1950 Kjøp av pensjonat i Holbergsgt 3 for kr 360 000. Brukt til bustader for tilsette i forretningane.
- 1951 Opna tobakksutsal ved inngangen til Teatersalen.
- 1953 Kjøp av pensjonat Themis i Pilestredet 15B for kr 100 000. Brukt til bustader for tilsette.
- 1955 Kjøp av Arendalsgt 6 for kr 360 000.
- 1955 Bakstehuset flytta frå Rødfyllgt til Herslebsgt. 4.
- Perioden 1960 - 1969 *var ein periode med forsiktig økonomisk vekst for Noreg. Nokre av dei strengaste etterkrigsreguleringane var tekne bort. Forretningane hadde ein god periode med vekst. Bondeungdomslaget hadde i 1960 fire kaffislover, to bygardar utanom parten i Bøndenens Hus, og eitt hotell, forlag, bokhandel, to pensjonat, Heimen husflid og dei to hyttene. I perioden blei ei kaffistove lagt ned, og to kom til, ein forretningsgard blei kjøpt, hotellet blei vesentleg utvida, det blei starta og lagt ned ei delikatesseforretning, og BUL blei eineigar i forlaget Noregs Boklag.*
- 1960 Torgstova på Stortorget oppsagt, pga Kredittkassa sine planar om ombygging.
- 1961 Tobakksutsalet vart utleigd til Det Norske Teatret.
- 1962 Kjøp av forretninga til Karl Werner i R8 for kr 30 000. Grillstova og delikatesseutsalet Matstova blei opna i lokala.
- 1963 Karl Johansgt 13 kjøpt for kr 1 280 000. Det vart innreidd ny Torgstove for kr 620 000 i andre etasje.
- 1964 Bygging av sentralkjøkken i R8. Bygging av ny resepsjon og gjestesalong for hotellet.
- 1965 Torgstova vart utvida med 32 plassar for kr 50 000.
- 1965 Bakstehuset blei nedlagt.
- 1966 BUL kjøpte ut Noregs Ungdomslag sine lutar og rettar i Noregs Boklag for kr 125 000, og tok over styringa både med bokhandelen og forlaget.
- 1966 Kjøp av meieriutsal i 1. etasje i R8. Matbua blei flytta dit, og Grillstova blei utvida.

- 1966 Tenar-husvære i 6. etasje gjort om til hotellrom. Bondeheimen hadde da 73 rom.
- 1968 Ombygging av Storstova i 2. etasje i Bøndernes Hus til Storstova og Bestestova. Bestestova var det tidlegare lagsrommet.
- 1968 Matbua nedlagt. Lokalet slått saman med Kjørstad sitt lokale, og Oslo Nye Sparebank flytta inn.
- Perioden *Generell vekstperiode i norsk økonomi. Store vanskar i forretningane til*
 1970 - *Bondeungdomslaget som skuldast innføringa av moms, aukande gjeld og renter og auka*
 1979: *kostnadsnivå, særleg på personalsida. I 1970 hadde BUL fem kaffistover, to bygardar og to forretningsgardar utanom parten i Bøndernes Hus, eitt hotell, forlag, bokhandel to pensjonat, Heimen husflid og dei to hyttene. I perioden blei to kaffistover avvikla, det blei bygd ny 3. etasje og utvida 6. etasje i Bøndernes Hus, forlaget (Noregs Boklag) blei avvikla og nyskipa (saman med Noregs Ungdomslag) med ein liten aksjepost frå BUL, og det var fleire store ombyggingar i kaffistovene.*
- 1971 Redusert omsetning (stikkord: moms) gjorde at Bestestova berre vart brukt til hotellfrukost og elles leigd ut til møte. Idrottslaget brukte ein del av Storstova til bingo. Ledig plass i tenestebustadene vart leigd ut til postverket.
- 1971 Ombygging og utviding av Torgstova. Ny avdeling i tredje etasje.
- 1971 Trimrom med dusjar i Kristian Augustsgt 14 for lagsmedlemer og tilsette.
- 1973 Bygging av ny 3. etasje i Bøndernes Hus. Avtale mellom BUL, og FKØ (Felleskjøpet Østlandet) om omfordeling av areal. BUL gav avkall på ein del av Storstova mot at FKØ kosta ei omfattande ombygging av det som var att.
- 1974 Storstova ombygd for kr 800 000.
- 1974 Dom i saka om Svaneapoteket. Ved kjøp av Karl Johansgt 13 sa BUL opp Svaneapoteket, som meinte at dei var lova leigerett av den forrige gardeigaren. Svaneapoteket fekk bli, men måtte betala marknadsleige for lokala.
- 1975 Vestlandsbanken flytta inn i lokala i 1. etasje i Bøndernes Hus med 10 års leigeavtale.
- 1975 Utbygging av 6. etasje i Bøndernes Hus som gav 14 nye hotellrom,. Modernisering av 12 hotellrom. Teknisk opplegg for vidare modernisering. Finansiert av Statens edruskapsdirektorat og Vestlandsbanken med 1,5 mill kr.
- 1976 Internatet Themis i Pilstredet avskipa i 1976.
- 1978 Kaffistova i Storgata avvikla. Leige kontrakten seld for kr 250 000.
- 1978 Parkstova i Kristian Augustsgt 14 nedlagt for å gi rom for Heimen husflid. Heimen husflid måtte flytte fordi huset skulle rivast og gi rom for nybygget til Det Norske Teatret. Forretningane fekk ei godtgjersle på kr 450 000 for avskipinga av kaffistova.
- 1979 Løyve til skiping av sameige i Camilla Collettsv 1, som gjorde at ein kunne selje

leilegheiter.

- 1979 Nedlegging og nyskiping av forlaget Noregs Boklag. Ny aksjekapital på kr 150 000 med 65 luter for Noregs Ungdomslag, 20 luter for Noregs Mållag, 10 luter for BUL og 5 luter for Kringkastingsringen. BUL hadde tapt kr 3,7 mill på dei 13 åra ein dreiv forlaget aleine. Bokhandelen vart framleis eigd og driven av BUL.
- Perioden 1980 - 1989 *var prega av lånefinansiert økonomisk vekst og økonomiske de-reguleringar. Omstruktureringar i driftsform og oppussing av hotell og kaffistover, gjorde at forretningane drog nytte av ein vesentleg del av denne veksten. I 1980 hadde Bondeungdomslaget 3 kaffistover, 2 bygardar og 2 forretningsgardar utanom parten i Bøndenenes Hus, eitt hotell, bokhandel, Heimen husflid og dei to hyttene. I perioden blei ein forretningsgard seid, ei kaffistove lagt ned, og det blei gjennomført store oppussings- og fornyingsarbeid i hotell og kaffistove. Det blei kjøpt og avvikla plateselskap og plateklubb («På norsk»), og innført edb i hotell og administrasjon.*
- 1980 Sal av Kristian Augustsgt 14 for kr 7 mill. 5,3 mill kr gjekk til gjeldssanering og nedbetaling av kassakreditt, 1,2 mill kr gjekk til driftskapital.
- 1980 Avvikling av internatet på Holbergs plass, kostnad kr 200 000.
- 1982 Forretningane vart omskipa til aksjeselskap
- 1983 Ombygging og nyopning av Torgstova. (Stortorget)
- Frå 1983 Investeringar i Bondeheimen
- 1984 Nedlegging av Grillstova
- 1985 - 87: Investeringar: Bondeheimen, 5,6 mill kr. Kaffistova i R8: 4,1 mill kr. Heimen husflid: 2,1 mill kr. Kontor: 2,0 mill kr. Gardane: 1,3 mill kr. Andre avdelingar: 0,4 mill kr. I alt 15,5 mill kr.
- 1984 Innføring av edb i hotell og rekneskap.
- 1984 Sams styre og sams dagleg leiar for Heimen L/L Husflitsutsal og Lagsbruka
- Februar 1985 Heimen husflid flyttar inn i lokala etter Vestlandsbanken.
- 1985 Bokbua flyttar inn til Heimen husflid.
- 1985 Systova til Heimen husflid flyttar til 2. etasje.
- 1985-1987 BUL kjøpte Heilo plateselskap og På Norsk (90 % eigd av BUL, 10% av Noregs Ungdomslag). Plateproduksjon og plateklubb. Avvikla i 1987/88 etter tap på om lag 1,8 mill kr.
- 1986 Rådet vel forretningsstyre, ikkje årsmøtet i laget som tidlegare.

- 1986 Ny kaffistove i 1. etasje i Bøndenenes Hus.
- 1987 Nytt lagsrom under teatersalen, om lag 2 mill kr?
- 1988 Nytt trimrom, kr 400 000.
- 1988 Heimen AS utfisjonert frå Lagsbruka, og blei morselskap i konsern med Lagsbruka og Heimen husflid som dotterselskap.
- Januar 1989 Bokbua nedlagt etter samla tap siste åra på om lag 1,5 mill kr.
- 1989 Oppussing og nye møblar til Teatersalen, 1 mill kr.
- Perioden 1990-1995 *var først prega av gjeldskrise og nedgang etter den lånefinansierte veksten i 80-ara. Låg rente og låg inflasjon gav vekst frå 1994. Ved inngangen til 1990 hadde Bondeungdomslaget 2 kaffistover, 13 husvære i to bygardar og ein forretningsgard utanom parten i Bøndenenes Hus, eitt hotell, Heimen husflid og dei to hyttene. I perioden er forretningsgarden seld og ei kaffistove lagt ned. Bondeungdomslaget kjøpte aksjane som Felleskjøpet Østlandet og Akerhus fylkeskommune hadde i Bøndenenes Hus og blei eineigar i garden. Bakgarden i Bøndenenes Hus blei bygt over, Kaffistova fekk med dette nytt kjøkken, og Heimen husflid ny bunadavdeling.*
- Februar 1990: Sal av Karl Johansgt 13 til Borg Eiendomsselskap (Christen Sveaas) for 46 mill kr. Sanering av gjeld og kassakreditt på om lag 16 mill kr. Vel 30 mill kr vart plassert til god rente. Fram til ein kjøpte FKØ sine aksjar i Bøndenenes Hus sommaren 1991, fekk Bondeungdomslaget vel 5,2 mill i renteinntekter.
- Juni 1991 Kjøp av aksjar i A/S R8 frå FKØ. 46% av aksjane, overtaking av 3500 m2 areal. FKØ leiger 2500 m2 over 10 år. Felles kantine for forretningane og FKØ i 7. etasje.
- Haut 91/vår 92: Ombygging: Systova + kontor i Heimen husflid til 6. etasje: kr 110 000, ombygging av kontor for forretningane og laget: kr 840 000, nye personalgarderober for forretningane i kjellaren: kr 880 000, ombygging i resepsjon, kr 630 000, butikk: kr 780 000, ombygging av kjøkken i Kaffistova, ny kjellarstove, gjennomgangar til teatersal-området og tekniske omleggingar i pumperom: kr 1 850 000, nybygg med utviding av butikken og nytt kjøkken til kaffistova kr 3 870 000, brannteknisk anlegg og utbetring av vareheis: kr 2 740 000.
- Sommaren 1993 Ventilasjonsanlegg i teatersalen, ny oppussing av rømningsveg og litt oppussing i romma bak scena, kr 1,1 mill.
- 1994 Maling og oppussing av Kaffistova. Oppussing av korridorar og baderom i hotellet, til saman nesten 2,7 mill kr.
- 1995 Oppussing av baderom og korridorar i hotellet for om lag 2 mill kr. Omlegging til PC-basert EDB-system i konsernet for om lag 1,4 mill kr.
- 1996 Oppussing av butikken i Heimen husflid for om lag 2,1 mill kr. Utvendig oppussing av Rosenkrantzgt 8 for om lag 1,7 mill kr. Bondeungdomslaget kjøper aksjane som

Akershus fylkeskommune hadde i A/S Rosenkrantzgaten Nr 8 (9,2%, 24 aksjar) for 4,5 mill kr i desember.

Sist endra: 15.01.1997. Bodil Røyset